

Tittel:	Plassera ord på linje alt etter om dei gir positive, nøytrale eller negative kjensler.						
Fag:	Norsk	Trinn:	7. trinn	Estimert tid:	60 minutt.	Dato:	Oktober 2020

Kritisk refleksjon	Overordna del av læreplanen: «1.3 Kritisk tenking og etisk bevisstheit. Skolen skal bidra til at elevane blir nyfikne og stiller spørsmål, utviklar vitskapleg og kritisk tenking og handlar med etisk bevisstheit.»			
	Dialogisk praksis: Lenke til 18 punkt		Dei fire ferdigheitene.	
	Desse punkta har eg fokusert på i dette undervisningsopplegget:		Logiske/språklege	X
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tek andre si interesse og spørsmål på alvor. 2. Klarer å argumentera for eigne synspunkt og meiningar. 3. Prøver å trekkja koplingar mellom eigne og andre sine synspunkt og erfaringar. 4. Er i stand til å skifta meining i løpet av diskusjonen. 5. Uttrykkjer tankane mine og meiningane mine på ein tydeleg måte. 		Kreative	
			Ansvarlege	X
			Metakognitiv	x

Kjerneelement	Munnleg kommunikasjon og språkleg mangfald.
Tverrfagleg tema	Demokrati og medborgerskap.
Kompetansemål	Utforske og reflektere over sammenhengen mellom språk og identitet. Lytte til og videreutvikle innspill fra andre og skille mellom meninger og fakta. Uttrykke og grunngi egne standpunkter og vise respekt for andres.
Grunnleggjande ferdigheiter	Munnlege ferdigheiter.

Korleis	Læringsaktivitetar:
	<p>Stasjonsundervisning i norsk med tre grupper på 6-7 elevar. Kvar stasjon varer i 10 minutt:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vurdera desse orda individuelt på ei linje alt etter kva kjensler dei gir (positiv, nøytral, negativ): herregud, jøde, løyen, jækla, smart. 2. Lærerstyrt stasjon der elevane skal presentera si linje og seia kvifor orda er plassert som dei er. Etterpå skal dei diskutera etter desse kriteria og koma fram til kvar dei vil plassera orda på linja som ei gruppe. Lærar vurderer elevane fortløpande. <p><i>Tek andre si interesse og spørsmål på alvor.</i></p>



Klarer å argumentera for egne synspunkt og meiningar.

Prøver å trekkja koplingar mellom egne og andre sine synspunkt og erfaringar.

Er i stand til å skifta meining i løpet av diskusjonen.

Uttrykkjer tankane mine og meiningane mine på ein tydeleg måte.


3. Evaluering av seg sjølv i diskusjonen på eit digitalt skjema.
4. Substantivleik.
5. Jobba med ark om språk.

Dette var ein del av eit 6-vekers arbeid med “Språket vårt” som tverrfagleg tema i norsk, KRLE og samfunn. I samfunnsfag har me vore innom tema som historia og rettane til samane, møte mellom menneske, mangfald, likeverd og likestilling. I KRLE har me vore innom religion- og livssynshistoria til samar og ulike etiske dilemma med språk. I norsk har me vore innom sidemål, samisk, svensk, dansk, dialektar, språk og identitet. Diskusjonar me har hatt: Burde alle skulane i Noreg ha bokmål som skriftspråk? Det er lettare for nordmenn å forstå dansk og svensk enn for danskane og svenskane å forstå norsk. Kva dialekt i Noreg er finast og kvifor? Kvifor har vi reglar om språk på skulen? Kva situasjonar er det greitt å banna, kva situasjonar er det ikkje greitt å banna (Kvifor?)? Kva kjelde til den samiske religionen trur du er mest til å stola på og kvifor?


Vurdering:

Elevane fekk presentert kriteria og vurderte seg sjølv i skjema etter diskusjonen. Lærar vurderte og alle elevane i diskusjonen etter dei same kriteria.

Eg klarer å argumentera for egne synspunkt og meiningar
18 svar



Ressursar:



Omgrep:

Språk, identitet, argumentasjon, respekt, trekkja koplingar, samarbeid.